

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 31.08.2021
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Björg Djukastein	Medlem	Voss kommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Noralv Distad	Gunn Åmdal Mongstad	Vestland fylkeskommune

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar
Jorunn Ospedal Vallestad	Verneområdeforvaltar

I tillegg møtte:

Namn	Stilling
Gunnar Bergo	Bisitjar for Voss herad

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 49/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 50/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 51/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker Status på <ul style="list-style-type: none">- arbeidsplan 2021- økonomi 2021- skjøtselsarbeid- skiltarbeid		
RS 11/21	Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder		2021/1569
ST 52/21	Delegerte saker		
DS 11/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging til tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD		2021/7494
DS 12/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - Motorferdsel - frakte drivstoff - flaumsikringstiltak - Aurland kommune		2021/9277
DS 13/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - grisehus og gjerde - Ottar og Irene Stegen		2021/9262
DS 14/21	Delegert vedtak - utviding av bygg - Snauasete - utedo på stølen		2021/6496
DS 15/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen		2021/9984
DS 16/21	Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
DS 17/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal til Vassete - transport av materiale		2021/11448
DS 18/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - rydding av vegmurar - motorferdsel - Statens Vegvesen		2021/11793
DS 19/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fjellheimen - Motorferdsel - lågtflyging i høve		2021/9931

	kalvetelling av villrein - NINA	
DS 20/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - motorferdsel - helikopter - restaurering av låni - Bjørn Vike	2020/3927
DS 21/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - drenering av vatn - Ottar Stegen	2020/3927
ST 53/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av navigasjonsinnretningar - Nærøyfjorden - Kystverket	2021/7958
ST 54/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen	2021/8184
ST 55/21	Uttale - høyring - restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden	2019/9259
ST 56/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - flaumsikring - Aurland kommune	2021/6325
ST 57/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad	2020/15428

ST 49/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 50/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Vedtak

Noralv Distad vart valt til å skrive under protokollen saman med leiar Trygve Skjerdal.

ST 51/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Marta Sofie Vange informerte om at ho har fått spørsmål om merking av sti til Skomakarnipa. Styret ynskjer å diskutere på eit seinare møte kva som er rett strategi for Skomakarnipa ut i frå mengda besøk og slitasje på terrenget i området.

Vedtak

Orienterings- og referatsaker vart tatt til orientering.

RS 11/21 Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder

ST 52/21 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Vedtak

Delegerte saker vart tatt til orientering.

DS 11/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging til tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD

DS 12/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - Motorferdsel - frakte drivstoff - flaumsikringstiltak - Aurland kommune

DS 13/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - grisehus og gjerde - Ottar og Irene Stegen

DS 14/21 Delegert vedtak - utviding av bygg - Snauasete - utedo på stølen

DS 15/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen

DS 16/21 Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete

DS 17/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal til Vassete - transport av materiale

DS 18/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - rydding av vegmurar - motorferdsel - Statens Vegvesen

DS 19/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fjellheimen - Motorferdsel - lågtflyging i høve kalvetelling av villrein - NINA

DS 20/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - motorferdsel - helikopter - restaurering av låni - Bjørn Vike

DS 21/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - drenering av vatn - Ottar Stegen

ST 53/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av navigasjonsinnretningar - Nærøyfjorden - Kystverket

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Kystverket får løyve til å etablere fem navigasjonsinnretningar i Nærøyfjorden. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3 punkt 1.3 bokstav j.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Navigasjonsinnretningane skal plasserast som vist på kartet i figur 1, og etter koordinatane oppgitt i tabell 1.
- Navigasjonsinnretningane skal utformast og plasserast slik at dei er minst mogleg dominerande i landskapet.

- Lanternene skal skjermast, slik at lyset ikkje blir synleg på land bak sjøve konstruksjonen, men berre i nødvendige sektorar i fjorden.
- Anleggsarbeidet skal gjennomførast frå båt med borerigg og kran for å løfte utstyret på plass.
- Dei gamle navigasjonsinnretningane i sjø skal fjernast frå området.
- Anleggsperioden skal gjerast så kort som mogleg for minst mogleg påverknad på naturmangfald i og langs fjorden.
- Om mogleg skal anleggsperioden leggest utanom hekketid for sjøfugl.

ST 54/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Forvaltar informerte om e-post frå Statens vegvesen datert 30.08.2021 med spørsmål om utsett frist for retting av tiltaket. Tidsfrist for retting av tiltaket vart lagt inn i vedtaket.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre støttar Aurland kommune si handtering av saka med krav om retting av den delen av deponiet på Langhuso som ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Statens vegvesen skal retta tiltaket snarast, og seinast innan 17.12.2021. Statens vegvesen skal presentere ein framdriftsplan for retting av tiltaket innan 01.10.2021 for verneområdeforvaltar.

ST 55/21 Uttale - høyring - restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Styret vedtok forvaltar sitt framlegg til uttale.

Uttale

Restaureringsplanen er eit viktig vedlegg til forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Dokumentet gjev føringar for korleis kulturminna i området skal takast vare på, og har ei liste med prioritering av kulturminne. Nærøyfjorden verneområdestyre vil ta omsyn til prioriteringa og råd i

dokumenta i forvaltninga av området, og i behandling av søknader til verneområdestyret. Verneområdeforvaltar har delteke i prosessen med revidering av restaureringsplanen, og har lagt spesielt vekt på reglane i verneforskrifta for istandsetting av kulturminna i verneområdet. Tiltaka i planutkastet er i tråd med reglane i verneforskrifta.

Prioriteringsliste over kulturminne i planen er sett opp med den kunnskapen som var tilgjengeleg når planen vart skriven, og kan ha manglar. Det bør gjerast endringar i prioriteringa om det kjem fram ny kunnskap om kulturminna. Kulturminne som ikkje er tatt med i denne planen, bør likevel kunne vurderast for tiltak dersom det har stor verdi i verdsarvområdet. I behandling av slike enkeltsaker bør det leggjast vekt på om kulturminnet er ein del av eit heilskapleg kulturmiljø.

ST 56/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - flaumsikring - Aurland kommune

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Aurland kommune løyve til flaumsikring av Hallinggrovi i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3, punkt 1.3 g) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan byggast ein ledevoll på inntil 5 meter høgde frå elvebotnen og 120 meter lengde.
- Ledevollen skal plasserast som vist på kart i figur 3.
- Ledevollen skal utformast som ei «ordna røys», slik at den skil seg minst mogleg ut frå landskapet rundt.
- Det kan gravast nytt definert elveløp (senkingsområde) med plastring av botnen langs ledevollen og noko vidare nedover Hallinggrovi sitt vanlege bekkeløp.
- Omfanget av arbeidet med graving og masseflytting skal avgrensast til det som er naudsynt for flaumsikring.
- Det kan brukast gravemaskin for å utføre arbeidet. Køyring skal skje langs trase avmerkt på figur 4, og slik at den er mest mogleg skånsam for naturmiljøet, og set minst mogleg spor i terrenget.
- Tiltakshavar skal gjera naudsynte tiltak for å unngå lekkasje av olje og drivstoff frå maskiner som vert nytta til arbeid i elvefaret.
- Gravinga i elveløpet skal utførast slik at minst mogleg finmasse blir virvla opp og ført med elveløpet ned til Nærøydalselvi.
- Arbeidet skal i utgangspunktet gjennomførast hausten 2021. Dersom det ikkje blir fullført i haust kan det sluttførast i 2022.
- Det skal sendast rapport med billedokumentasjon straks arbeidet er gjennomført.

Det må søkast om eige løyve til helikoptertransport av drivstoff når behovet for dette er avklart.

ST 57/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Fleire av styrerepresentantane meinte dette var ei vanskeleg sak, men alle konkluderte med at dei ynskte å gje løyve til tiltaket. Bjørg Djukastein la fram utkast til alternativt framlegg til vedtak som vart jobba vidare med i møtet. Det alternative framlegget vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Søknaden frå Voss herad om utsiktspunkt Sivlefossen vert innvilga slik den ligg føre. Søknaden er innvilga med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ.

Styret legg til grunn at utsiktspunktet ikkje er eit stort inngrep. Utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16. I Stalheimskleiva vil inngrepet på grunn av høgdeforskjellar ikkje vere synleg før du er nesten framme ved utsiktspunktet.

I følgje kjent kunnskap om naturmangfaldet i området er det lite truleg at inngrepet vil føre til direkte skade på naturmangfald eller økosystem, jf. nml. § 8, og føre-var prinsippet (jf. nml. § 9) vert difor ikkje vektlagt.

Styret vurderer at tiltaket ikkje vil påverke landskapet sin art og karakter negativt og at det ikkje vil endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Styret vurderer at tiltaket ikkje vil ha ein negativ påverknad på verneverdiane i landskapsvernområdet, og meiner difor at vilkåra for å kunne gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt.

Metoden som er valt for å gjennomføre tiltaket er miljøforsvarleg jf. nml. § 12. Tiltakshavar skal bere kostnadane ved å hindre naturskade medan arbeidet pågår, jf. nml. § 11.

Området er tidlegare tilrettelagt i reiselivssamanheng. Inngrepet vil ikkje skape presedens utover tilsvarande mindre tiltak.

Styret ber Voss herad bidra til at det kjem på plass nødvendig infrastruktur, som parkering og toalett, for å hindre at utsiktspunktet fører til auka belastning på naturen i området, i form av forsøpling og villparkering.